

Berlinar: For mykje vind i Rosendal!

16.07.2010



Berlinaren som bles frå Rosendal til Uskedalen: Ludolf Danwart. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Pensjonert biolog Ludolf Dankwart frå Berlin var i Rosendal i dag og besøkte naturleg nok Baroniet. Han hadde tenkt å slå seg til for natta i den nye båthamna, men kom snart til den konklusjon at det bles for mykje der. Difor segla han vidare - til Uskedalen!

- Her er det stille og fint, konstaterte Ludolf der han sto i duskregnet i den fine seglbåten sin, som ber namnet Palolo.

-- Han er oppkalla etter ei øy i Samoa i Stillehavet, men eg har diverre aldri vore der, sa berlinaren, som ikkje planlegg å vera så lenge i Uskedalen heller. Men han har merka seg at vi har eit Vertshus og planlegg å stikka innom det.

Besøket av gjestebåtar i hamnane våre har som før meldt teke seg kraftig opp i juli etter ein svak start i juni, men innslaget av utlkendingar er framleis ikkje stort.

uskedalen.no har så langt berre observert to nederlandske og to tyske båtar og Palolo er ein av dei.

Men i idag har det vore ein jamn strøm av norske båtar inn i hamnane, og vi venter spent på besøkstala frå

denne helga. Det har kome mange frå nærområdet vårt og dei besøkande har opplevd både sol med opptil 26 graderi skuggen, regn og vind. Men vinden har begrensa seg til frisk bris her hos oss.

(Foto: Ola Matti Mathisen)